



Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved miljøstasjonen i Lom hjå NGR

Dato for inspeksjon: 29.04.10

Saksnr. hjå Fylkesmannen: 2010/3142

Til stades under kontrollen:

Frå verksemda: Pål Sverre Angard og Amund Hånsnar	Frå Fylkesmannen: Torunn Margrete Bjerke og Elin Hilde
--	---

Resultat av kontrollen:

Rapporten omhandlar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen ved miljøstasjonen i Lom.

Fylkesmannen avdekte eitt avvik og gav ein merknad under inspeksjonen. Avviket gjeld manglande dokumentasjon på risikovurdering når det gjeld ytre miljø

Funna er nærare omtala frå side 3, sjå neste side for definisjonar.

Fylkesmannen ber NGR om ei skriftleg tilbakemelding som stadfester at tilhøva er retta og som gjer greie for gjennomførte tiltak innan 3 veker etter at rapporten er motteken. Oppfølging etter inspeksjonen er nærare beskrive på neste side.

Informasjon om kontrollert verksemd:

Ansvarleg verksemd: Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS (Kjelde: Enhetsreg.)

Organisasjonsnr (undereining): 992 655 046	Eigd av (org.nr): 992 549 394
Besøksadresse: 2662 Dovre	Telefon:
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 Innsamling av ikkje-farleg avfall	E-post: post@ngr.no

Kontrollert anlegg

Namn: Miljøstasjonen i Lom	Anleggsnr*: 0514.0010.01
Kommune: Lom kommune	Anleggsaktivitet: 109.00.00 Beh. og disp. av avfall
Fylke: Oppland	Risikoklasse: ikkje fastsett
Løyve sist oppdatert: drift i samsvar med standardiserte krav i avfallsforskrifta, vedlegg 2 til kap 11	Saksnr. utsleppsløyve: -

* Anleggsnummer i databasen "Forurensning" hjå Fylkesmannen

Bakgrunn for kontrollen

Det blir i perioden 19.– 30. april 2010 gjennomført ein nasjonal tilsynsaksjon av anlegg som tek imot og mellomlagrar farleg avfall. Føremålet med aksjonen er å hjelpe til at farleg avfall blir handtert forsvarleg og ikkje fører til helse- og miljøskade.

Det vart delt ut skriftleg informasjon om kontrollen og om farleg avfall ved tilsynet.

Kontrolltema:

- Mottakskontroll avfall
- Handtering – medrekna lagring av farleg avfall
- Vidarelevering av farleg avfall
- Utsleppskontroll
- Internkontroll
- Ev. oppfølging av tidlegare kontroll

Rapporten omhandlar avvik og merknader som vart påviste ved inspeksjonen, og gjev inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeid eller miljøstatus hjå verksemda.

Denne rapporten har status som førebels. Dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil i rapporten innan 2 veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Oppfølging etter kontrollen

Inga tilbakemelding.

Fylkesmannen avdekte ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi vurderer difor oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Verksemda pliktar snarast å rette avvik omtala i denne rapporten. Vi ber NGR om skriftleg tilbakemelding innan 3 veker om kva som blir gjort for å rette avvik.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje innan fristen har motteke skriftleg tilbakemelding om retting av avvik, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ei tvangsmulkt kjem til dersom Fylkesmannen ikkje har motteke tilbakemelding om retting av avvik innan 3 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på kr 10 000,-. Kommenterar til dette førehandsvarslet skal sendast Fylkesmannen innan 2 veker etter at rapporten er motteken. Vi viser til § 16 i forvaltningslova.

Varsel om kontrollgebyr

Verksemdar utan løyve

Verksemdar skal betale gebyr for kontrollen, jf § 39-3 i *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta), jf også § 39-7 om gebyr for kontroll i verksemdar utan løyve. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen.

Fylkesmannen førehandsvarslar med dette at det vil bli vedteke at NGR skal betale ein gebyrsats på kr 4 200,- for kontrollen. Kommenterar til varslet kan sendast Fylkesmannen innan 2 veker etter at rapporten er motteken, jf forvaltningslova § 16.

Faktura med innbetalingsblankett vil bli ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet etter at gebyrvedtaket er fatta.

Definisjonar

Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga; ; t.d. brot på krav i forureiningslova, forskrifter heimla i forureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane finn nødvendig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Avvik

Følgjande avvik vart påvist ved inspeksjon frå Fylkesmannen:

Avvik 1: Mottakskontrollen av farleg avfall er mangelfull

Avvik frå:

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 11 (§§ 11-5, 11-6, 11-13 og 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 9)
Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 2.leden

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under

- a) Verksemda handterer farleg avfall utan løyve frå Fylkesmannen. (*Avfallsforskrifta § 11-6*)
- b) Verksemda mottok farleg avfall som ikkje er dekt av eksisterande løyve. (*Avfallsforskrifta § 11-6*)
- c) Verksemda har ikkje etablert mottakskontroll for farleg avfall. (*Internkontrollforskrifta § 5*)
- d) Verksemda har mangelfull kontroll med utfylling av deklarasjonsskjema. (*Avfallsforskrifta § 11-13*)
- e) Mottakskontrollen er ikkje tilstrekkeleg til å hindre at motteke farleg avfall vert blanda med andre typar farleg avfall eller ordinært avfall. (*Internkontrollforskrifta § 5 samanhalde med avfallsforskrifta § 11-5*)
- f) Verksemda blandar farleg avfall med ordinært avfall. (*Avfallsforskrifta § 11-5*)
- g) Verksemda har ingen journal for motteke farleg avfall. (*avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 9*)
- h) Verksemda har journal for mottak av farleg avfall som er mangelfullt utfylt. (*avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 9*)

Avvik 2: Verksemda handterer ikkje farleg avfall i samsvar med krav.

Avvik frå:

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kap, 11 (§§ 11-5, 11-6, 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2)

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under:

- a) <namn på verksemd> handterer farleg avfall på område som ikkje er dekt av løyvet. (*Avfallsforskrifta § 11-6*)
- b) < namn på verksemd > overstig lagringstida for farleg avfall (*avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 7.4*)

- c) < namn på verksemd > lagrar større mengder farleg avfall enn tillate på anlegget. (avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 7.4)
- d) Farleg avfall vert lagra på område som ikkje er godt nok sikra mot utslepp. (Avfallsforskrifta § 11-5, 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 6.2)
- e) Farleg avfall vert lagra i feil og/eller skadd emballasje. (Avfallsforskrifta §11-5)
- f) <namn verksemda> har ikkje system for merking /tilsvarande system for å halde orden på lagerplass for farleg avfall. (avfallsforskrifta § 11-5)
- g) Farleg avfall vert (sam-)lagra slik at det er fare for farleg kjemisk reaksjon. (Avfallsforskrifta §§ 11-5 og 11-7 bokstav e ,jf. vedlegg 2 punkt 7.4)
- h) Farleg avfall er ikkje sikra mot uvedkomande utanom opningstida. (Avfallsforskrifta §§ 11-5 og 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 7.2)

Avvik 3: Farleg avfall vert ikkje levert vidare til aktør med løyve til å handtere farleg avfall.

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta kap. 11
- Avfallsforskrifta kap. 13
- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under.

- a) <namn på verksemd> leverer farleg avfall til aktør utan løyve. (Forureiningslova § 7 samanhalde med avfallsforskrifta § 11-8)
- b) < namn på verksemd > eksporterer farleg avfall utan skriftleg samtykke. (Avfallsforskrifta kap.13, jf. forordning (EF) nr. 1013/2006 artikkel 3)
- c) < namn på verksemd > behandlar <type avfall> i form av <type behandling> utan å ha løyve til dette. (Avfallsforskrifta § 11-6)
- d) < namn på verksemd > kan ikkje gjere greie for kvar det er blitt av <tonn> farleg avfall i 2009. (Internkontrollforskrifta § 5 2. leden pkt. 7)

Avvik 4: Verksemda har ulovlege utslepp til vatn/grunn.

Avvik frå

- Forureiningslova § 7.

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under:

- a) Det er stor fare for at forureina overflatevatn kan føre til skade på <namn på resipient> eller grunn. (Avfallsforskrifta § 11-5 og forureiningslova § 7 første leden)
- b) Oljeutskiljar vert ikkje tømd regelmessig og dette kan føre til overutslepp til < namn på resipient >. (Forureiningslova § 7)
- c) <namn på verksemda> drenerer vatn frå tankar med farleg avfall og slepp dette til sjø over oljeutskiljar. (Forureiningslova § 7 første leden)
- d) Verksemda har utslepp som er høgare enn utsleppsgrensene i løyvet.

Avvik 5: Verksemda har mangelfull internkontroll

Avvik frå: Internkontrollforskrifta, § 5, andre leden nr.1-8.
Forureiningslova § 40 1. leden

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under:

- a) Verksemda kjenner ikkje til sine plikter for handtering av farleg avfall. (nr. 1)
- b) Opplæring og kompetanse er mangelfull. (nr. 2)
- c) Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall, eller rutinane er mangelfulle. (nr .7)
- d) Verksemda ikkje har rutinar for avviksbehandling/tilbakemelding til avfallsprodusenten ved feil deklarerering (nr. 7)
- e) Det er ikkje iverksett rutine for tilstandskontroll av lagringstankar. (nr. 7)
- f) Verksemda utfører ikkje fullgod risikovurdering av aktivitetane sine og/eller har mangelfulle handlingsplanar for å redusere risiko for uønskte hendingar (nr.6)
- g) Beredskapen ved uhell er mangelfull. (Forureiningslova § 40)

Kommentarar til pkt f):

Det er ikkje dokumentert at det er gjennomført tilfredsstillande risikovurdering når det gjeld ytre miljø ved miljøstasjonen.

Det ligg føre rutinar for risikovurdering og eit skjema for utfylling, men verksemda kan ikkje vise fram dokument som viser resultat av risikokartlegging og –vurdering, utfylt skjema.

Det må vurderast alle faktorar som kan føre til brot på reglar i forureiningslova og avfallsforskrifta; dvs påverknad på ytre miljø. Ut frå risikovurderinga blir eventuelle tiltak prioritert og gjennomført.

Tilsendt aktivitetsplan frå 25.09.08 ser ikkje ut til å vere resultat av ei risikovurdering, men er meir generell.

Aktuelle forhold som gjeld risiko for ytre miljø kan f eks vere fare for forureining til grunn, lekkasjar, forsøpling, luktplager eller innbrot som kan medføre problem med å handtere EE-avfall og farleg avfall i samsvar med regelverket.

Det er eit krav i internkontrollforskrifta at risikovurderinga skal vere skriftleg dokumentert, jf § 5 i forskrifta.

Vi viser til § 5 andre leden nr 6 i forskrifta:

”Internkontroll innebærer at virksomheten skal kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer for å redusere risikoforholdene.”

Vedlagt følgjer ein generell brosjyre frå HMS-etatane om risikovurdering.

Merknader

Fylkesmannen har følgjande merknader:

Merknad 1: Verksemda har ikkje etablert ein rutine for å sortere ut alle typar farleg avfall

Kommentarar:

Nye granskingar viser at visse typar bygningsavfal kan innehalde så mykje miljøgifter at dei må handterast som farleg avfall, dersom ein ikkje har dokumentasjon på at det ikkje er farleg avfall. Jf nyheit på klif.no 26.03.10 og informasjon utdelt ved kontrollen.

Eksempel: golvbelegg av vinyl og vinyllister produsert før 2000, garasjeportar, kjøleromsvegger og likande med polyuretanskum produsert før 2003, cellegummi til rørisolasjon, isolerglasruter produsert frå 1975-1990 kan ha klorparafinar, i tillegg til det vi veit om PCB-innhald i slike ruter.

Andre forhold / generelt:

Det var ryddig og det var god merking på miljøstasjonen. Det er gjerde rundt heile området. Det er bygt ein hall for det farlege avfallet.

Det vart sett til at det var deklarasjonsskjema for farleg avfall innlevert frå verksemdar, og det vart ført journal på anlegget.

Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (NGR) driv miljøstasjonane på vegne av kommunane. Fylkesmannen har dermed ikkje gjeve løyve for denne drifta. Det er krava i vedlegg 2 til avfallsforskrifta som gjeld for drifta, i tillegg til dei generelle krava i forureiningslova. NGR har løyve til drift av sorteringsanlegg for avfall og deponi for inert avfall ved Myrmoen på Otta.